

Høyringsuttale (KF-340)



Referansenummer: XFUEXM

Registrert dato: 10.02.2022 09:26:15

Innleiing

Uttalen blir gjeven

- Personleg
 På vegner av føretak/lag/foreining

Opplysningar om føretak/lag/foreining

Føretak/lag/foreining

Lindås sokneråd

Namn på innsendar

May Hundvin

Rolle

Soknerådsleiar

Adresse

Hundvinvegen 109

Postnummer

5956

Poststad

Lindås

Telefon

99240556

Telefaks

Høyringsuttale

Høyringsuttale

Velj høyringsuttale:

- Kommuneplanen sin samfunnsdel

Uttale

Ein kan ikkje sjå at ansvar og samhandling med Den norske kyrkja er nemnt i denne planen. Kommunen har gjennom lov ansvar for å finansiere utgiftene til drift og vedlikehald av kyrkjer og gravplassar, med unntak av lønsutgifter til prestestillingane. Den norske kyrkja er ei folkekyrkje som skal ha rom for alle, og har såleis eit anna føremål enn ulike trussamfunn og samanslutningar, så som misjonsforeiningar mv. Utgiftene til drift av Den norske kyrkja i Alver er betydelege. Det er difor viktig at ein i kommuneplanen sin samfunnsdel ikkje overser og let ver å nemne at kyrkja har viktige, historiske bygg som vi må ta vare på som ein del av kulturarven, eit nybygg i Knarvik som også skulle vere ei kulturkyrkje for større konsertar og anna kulturverksemd. I Lindås sokn har vi til dømes Myking kyrkje som har ein unik akustikk og har blitt mykje brukt til kulturarrangement. Også Hundvin og Lindås kyrkjer vert brukte i slike samanhengar. Det viktigaste allikevel er den diakonale verksemda i kyrkja.

Ungdomsarbeidet, sorgarbeidet, dåp og vigslar. Kyrkja har betydeleg kraft og vilje til å ivareta menneske i sorg og glede, og dette arbeidet må sjåast ily av det overordna folkehelseperspektivet. Lat det tydeleg koma fram i planen at også Den norske kyrkja er ein viktig del av det kulturelle og friviljuge arbeidet i kommunen, som skal utviklast til liks med idrett og anna kulturverksemd.